



Kyrkjekoret med sin musikalske leiar, Eva Megyesi, i Åkra kyrkje i går.

Før utgangen av januar måned vart det i går skipa til nyttårskonserter i Åkra kyrkje. Kyrkjekoret Nordsaang med sin musiklske leiar Eva Megyesi song i to avdelingar. Til å vera ein måndagskveld var frammøte godt og alle fekk ei musikalsk oppleving med korsong, orgelspel, trompetsolo og salmesong. Soknepresten i Kvinnherad Prestegjeld, Kjersti Brakestad Boge, sa fram ord til ettertanke.

Soknerådslair i Uskedalen og korsongar, Svanhill Haugland, takka for invitasjonen. Det var gildt å få koma til Åkra og få ei mottaking med kveldsmat i kyrkjestova.

Elisabeth Brakestad Boge opna konserten med eit vers av O, helga natt. Eva Megyesi hadde tonefylgje på orgel.

Kyrkjekoret Nordsaang songmellom anna tradisjonelle salmar frå Norsk salmebok. Det høvde ekstra godt ved inngangen til eit nytt år og ta fram Dona nobis pacem, tekst henta frå liturgien. Tydinga er: Gje oss fred.



[Kantor Eva Megyesi framførte fleire stykke av Takle og Young.](#)

Kantoren spelte rytmisk musikk, mellom anna fengjande og festleg musikk av komponisten O. Young. Det svinga godt i den gamle Åkra kyrkje frå 1735. Det same på ein sei då Eva Megyesi framførte Guds sønn har gjort meg fri og Kven kan seia ut den gleda, begge av komponisten Mons Leidvin Takle.

Nordsaang er eit kyrkjekor for heile Kvinnherad. Det er plass til fleire. Øvingane er i Uskedal kyrkje kvar måndag kl. 17.30 - 19.00. Velkomne skal de vera.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Boge/ Kristian Bringedal



Sokneprest Kjersti Brakestad Boge var med på nyttårskonserten i Åkra med Ord til ettertanke.